

Jordvernaren

I matfylket Rogaland trengst nokon tøffare enn toget for å hindre at eit nytt dobbeltspor over Jæren tar tusenvis av dekar med matjord. Jon Lea står i spissen for dei som tar opp kampen.

TEKST: Dag Idar Jøsang, dag@norsklandbruk.no FOTO: Sjur Håland

Lokalpolitikarar trur at dobbeltspor på Jærbanen handlar om å leggje eit nytt spor ved sida av det gamle. Slik er det ikkje. Dobbeltsporet vil gå parallelt med dagens spor, fordi grunnen under dagens jernbanespor ikkje er god nok til å bere tog som skal kjøre i minimum 220 kilometer i timen. Slike tog treng enorme kurver og store skjevingar. Og dei treng ein anleggsveg. Det fortel bon-

” Eg hadde aldri trudd at det var ein statsråd frå Framstegspartiet som skulle **redde matjorda på Jæren**, men nå kan det sjå slik ut.

den frå Varhaug, som tidlegare i år blei vald til leiar i jordvernforeininga i Rogaland.

– Lokalpolitikarar, som sjølv har vore bønder, trur at eit dobbeltspor betyr at ein må grave vekk litt matjord ved sida av dagens trasé. Dei er for dette. Men planane frå Jernbaneverket inneber at tusenvis av dekar med høgproduktiv jordbruksjord vil gå tapt mellom Egersund og Sandnes. Eit dobbeltspor vil trengje ein opp til 100 meter brei trasé over Jæren, seier Jon Lea.

VIKTIG TRASÉVAL

Saman med kona, Siri Rasmussen Lea, driv 39-åringen med både mjølke-, kjøtfe- og rugeeggproduksjon på Varhaug sør på Jæren. I det offentlege er han etter kvart meir kjend som ein engasjert leiar i Jordvernforeiningen i Rogaland. Der har Lea mykje å henge fingrane i. Rundt Hafrsfjord står det for tida store slag, der både Stavanger og Sola ønskjer å byggje ned store områder med høgproduktiv matjord. I tillegg til at byane lengre sør på Jæren også veks, skal rikspolitikarane snart ta stilling til traseen til ein ny E39, med fire felt mellom Egersund og Sandnes.

Det trasévalet som har størst støtte blant politikarane i Rogaland, vil indirekte bety at den svært trafikkerte riksveg 44, som går rett gjennom matfatet og dei mest folkerike byane og bygdene på Jæren, også må utvidast til fire felt.

REDNINGSMANN

Jordvernforeininga vil heller behalde Jærbanen for lokaltrafikk, men byggje lengre perrongar, slik at toga kan kjøre med fleire vogner. Samstundes vil dei byggje ein ny firefelts E39 over Høg-Jæren, der vegen vil forstyrre få folk og ta lite jord. Med nye tilførselsvegar frå byane og bygdene på Jæren vil det ikkje lenger vere behov for å utvide R44, som går rett gjennom matfatet, til firefeltsveg.

Lokalpolitikarar har protestert heftig mot forslaget. Dei ønskjer utbygging langs dagens E39, dobbeltspor langs dagens jernbanetrasé og utbygging av R44 til fire felt. Men samferdsleminister Ketil Solvik-Olsen har tatt alternativet inn frå sidelinja, lenge etter at fristen for forslag til vegtraséar var ute, og i desse dagar avviger han om regjeringa vil utgreie alternativet vidare.

– Eg hadde aldri trudd at det var ein statsråd frå Framstegspartiet som skulle redde matjorda på Jæren, men nå kan det sjå slik ut. Lokale senterpartipolitikarar er ikkje er særleg betre enn andre når det kjem til jordvern i eigen kommune, seier Lea tørt.

STØTTA VIDEO

Om jær-buen i Samferdsledepartementet vel å gå vidare med alternativet over Høg-Jæren, er Lea og Jordvernforeiningen i Rogaland klare til å ta sin del av æra for det. Det var Rune Gjedrem som privatperson som lanserte ideen, men jordvernforeininga var

med å spytte inn pengar, slik at Gjedrem fekk laga ein video som viser korleis prosjektet kan gjennomførast. Kanskje var den videoen som gjorde at Frp og samferdsleministeren fatta interesse for forslaget.

For Jon Lea er det føreslåtte dobbeltsporet på Jærbanen det største og viktigaste slaget, men Jordvernforeiningen i Rogaland står midt i striden i mange viktige slag for å forsvare matjorda. 39-åringen meiner det store problemet er at lokalpolitikarane har ansvar for næringsutvikling, bustadbygging og samferdsle i sin eigen kommune, men ikkje for å brødfø folket.

– Det er eit paradoks at det er bønder som må verne om matjorda, for det er jo ikkje bøndene som vil slite den dagen me har for lite mat. Heldigvis merkar me både på facebooksidene våre og på nettsidene at engasjementet for jordvern byrjar å bli bra.

VIL LØFTE JORDVERNET

Jordvernforeininga er ein medlemsorganisasjon for folk i både bygd og by. Nyleg samla dei fem jordvernforeiningane i Rogaland, Vestfold, Oslo og Akershus, Buskerud og Telemark seg under paraplynettstaden www.jordvern.no. Fleire stader i landet er det folk som arbeider med å opprette lokale jordvernforeiningar. Eit av måla deira er å løfte jordvernet ut av hendene på lokalpolitikarane og opp på eit overordna politisk nivå.

– I Vestby har Ikea og lokalpolitikarar greidd å få med seg Bioforsk på å flytte matjord, for at Ikea skal få byggje varehus på høgproduktiv jord, sjølv om alle veit at det ikkje er mogleg. Nå blir det kanskje ikkje noko av dette likevel, fordi ornitologar har funne ut at det hekkar viper på jordet. Det er greitt for styresmakterne å flytte jord, fordi den står i vegen for vekst, men nokre viper kan automatisk stoppe heile utbygginga. Det seier alt om kor svakt jordvernet står i dette landet. Derfor må me få flytta ansvaret opp til eit anna nivå, seier Jon Lea. ■

Fakta



Namn: Jon Lea

Yrke: Bonde med mjølke-, storfe- og rugeeggproduksjon

Aktuell fordi: Ny leiar i Jordvernforeiningen i Rogaland